



Kalkstasjonen på Haugland er eit mykje brukt turmål

**Det er registrert stor interesse for fjellturar og friluftsliv i Uskedalen. Uskedalen.no har i dag vore innom to av dei mest brukte turmåla i nærrområde, - Kalkstasjonen på Haugland og Årdnaklett på Myklebust. I snitt syner turlagsbøkene at mellom 5 og 10 personar skriv namnet sitt kvar dag.**

Fram til oktober har rundt 500 skrive seg inn i boka på Årdnaklett. Elevar frå skulen er medverkande til at talet er så høgt.

Flåtene i Eikedalen er også eit mykje brukt turmål. Det same gjeld turmålet inst inne i dalen, Leiteshaugane på Fjellandsbø.

Skorpo ligg litt verre til, men mange finn likevel vegen til Skorpefjellet.

Vi veit at det alltid er nokre som ikkje skriv seg i turlagsbøker. Talet vil difor vera noko større det vi skriv her.





På Ådnaklett finn vi to bøker for registrering, ei for Kvinnherad turlag og ei for verksemda HARDING

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland